

Framtida for Sunnhordlendingen.

Medlemstalet stabiliserer seg rundt 20. Nokre få av den yngre generasjon har vist interesse for å bruke hytta, og meldt seg inn i laget. Vi ser fram til at fleire gjer det samme. 90-årsjubileet i januar 2009 vart heilt gløymd. Ein flokk veteranar hadde ein gild mimrekveld hjå Gunbjørg i januar i år. Vi må prøve å få til fleire slike treff, gjerne på hytta.

Rekneskap for 2008

Resultat/ktv 2008	2008		2007	
Medlemspengar		5 600.00		2 000.00
Overnattingar		12 630.00		6 145.00
Gebyr/renter	2.79		94.58	
Straum	4 159.27		3 945.36	
Renovasjon/vassavgift	7 193.74		7 193.74	
Forsikring	3 380.00		3 193.00	
Driftsutg./vedlikehald	2 246.00		1 449.00	
Overskot	1 248.20			7730.68
	18 230.00	18 230.00		

Balanse

	31.12.08		31.12.07	
Postbanken	4 199.21		2 697.02	
Sunnabu	150 000.00		150 000.00	
Kreditor: Lars Olav		47 158.21		46 904.21
Lån medlemmer		80 000.00		80 000.00
Eigenkapital		27 041.01		25 792.81
Ørebalanse	0.01			
	154 199.22	154 199.22		
Endring eigenkapital		1 248.20		

Rekneskapan for 2008 går med eit lite overskot mot eit stort underskot i 2007. Ein del av det skuldast at 8 av medlemene først betalte medlemskoningen for 2007 etter nyttår. Det kjem på rekneskap for 2008. Men det meste kjem av at overnattingsinntektene har auka. Dette er ei utvikling som har halde fram i 2009. Så det er von om betre tider. Alle blir oppmoda om å reklamere for hytta til folk dei kjenner.

Sunnavind

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2009
90. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>

Innkalling til årsmøte 2009:

Tid: Onsdag 25.
november 2009 kl.
19.00

Stad: Hjå Kirsti og
Lars Olav,
Ravnestølen 178.

Sakliste:

1. Årsmelding for 2008.
2. Rekneskap for 2008.
3. Medlemskontingent.
4. Drift av Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.

Bilete: Vedhogst.
Vegard



Meld frå på telefon eller tekstmelding om du kjem: Tlf. 55 51 05 88
Mobil: 90 61 63 59.

Ny nettstad for Sunnhordlendingen:

<http://sunnhordlendingen.no>

På årsmøtet vil det koma framlegg om at offisiell informasjon som innkallingar til årsmøte, i framtida vil koma elektronisk på denne adressa og som E-post til dei som har opplyst styret om E-postadressa si. I ein overgangsperiode vil dei som vi ikkje har E-postadresse til, få brev i posten som før. Det er difor viktig at alle som kan, sender ein E-post til lotveita@start.no, slik at eg får adressa. Send også gjerne mobiltelefonnummer. Har du naboar eller kolleger som kan tenkja seg å leige hytta, så gi dei adressa: <http://sunnhordlendingen.no/hytte.htm>

Plan for drift av hytta våren 2010:

(sjå også <http://sunnhordlendingen.no/utleige.htm>)

Ei helg kvar månad disponibel for arrangement. Hytta blir då ikkje utleigd dersom nokon melder seg interessert i å koma (frist torsdag):

8.-10. januar: Sesongstart. 5.-7. februar: Treff. 12.-14. mars: Årsmøte for 2010 med veteranreff. 16.-18. april: Etterpåsketur

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemmer eller andre.

Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):

For utleige ei helg:

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemmer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid.

Dei helgane hytta står disponibel for medlemmer (ei helg kvar månad):

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nytta hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleigd (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Vinterferie 2010 (1.-5.mars)+helga før eller etter:

Utleige til markedspris (min kr. 4500 , kr. 3500 for medlemmer). Tildeling mellom dei som har meldt interesse, torsdag 14.januar kl. 19.00. Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemmer etter prinsippet "først til mølla".

Påskeferie med palmehelg 2010 (26. mars-5. april) (kan f.eks. delast i to):

Fordeling skjer torsdag 14. januar kl.19.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid.

23 medlemmer i Sunnhordlendingen i 2008:

Finn Mortensen, Ingse Andersen, Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Knut Skålnes, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Inga Tveito, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Gunnbjørg Skålevik, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnelid, Olav Bjørgen, Reidun Rusås, Reidar Rusås, Vegard Havikbotn, Ragnhild Hanssen Nedrevåg.

Referat frå årsmøtet 2008.

Årsmøtet vart avvikla torsdag 13. November 2008. Årsmelding og rekneskap for 2006 og 2007 vart godkjent. Medlemskontingenten var vedteken å vera den samme som før, Kr. 200. Når det gjeld drift av Sunnabu, var alle samde om at vi må auka bruken. Det vart også vedtatt ei ordning med tilbakebetaling av lånet som ein del medlemmer har ytt til innlegging av vatn på hytta(i 2001). Det skal foregå ved at lånytarane kan disponere hytta for bruk/utleige i lavsesongen 10. mai til 20. desember, og berre betale straum- og brenselkostnader til hytta. Ingen har nytta seg av ordninga i 2009. Lånytarane får tilsendt kopi av det fullstendige vedtaket.

Styret som vart vald og som har fungert siste året:

Formann:	Lars Olav Tveita	Kasserar:	Kirsti Havikbotn
Skrivar:	Per Aga	Styremedlem:	Inga Tveito
Varamedlemmer:	Atle Jan Røyrvik, Britt Karin Hegdal, Vegard Tveita Havikbotn		
Ettersynsmenn:	Atle Jan Røyrvik og Atle Tornes.		

Rådet:

Ingse Andersen	1 år	Atle Tornes	2 år	Kari Årbakke	3 år
Olav Bjørgen	4 år	Anne Sofie Totland	5 år		

I 2008 var hytta ein del brukt. Det var mykje snø og mange fine skiturar i fint preparerte løyper. Stundom var løypene preparert heilt til toppen av Såta og Breidarosti. Vi betaler noe it lite bidrag til løypeprepareringa, og veiavgifta til Mødalsvegen er no komen opp i ca. 800 kroner året.

Etter at fjernsynet sin sendar på Kvamskogen vart lagt ned, monterte eg opp ei Canal Digital parabolantenne der eg har eit privat abonement. Det står til disposisjon i skisesongen januar-april, men abonementet blir "fryst" resten av året. Dei som har eige Canal Digital-kort, kan sikkert bruke det resten av året.

Inne i hytta er det ikkje gjort så mykje dugnadsarbeid siste året.

Ute er det rydda rundt skykkja der gamle leikehytter stod til nedfalls. Tørkeplassen for ved stod også på halv åtte med mykje gamalt skrot i. Den er riven ned og blitt bygd oppatt og er no fylt med ved som skal godgjere seg der eitt år. Skykkja er nymåla og har fått eit nytt vindu.

Ronny stilte med vedkløyvar og motorsag og etter to dugnadshelgar i haust er alle grantre mot sør fjerna, også nokre av Fjellkameratane sine. Det vart mykje lysare i solkroken og i stova om dagen. Ein del bjørker er også tatt ned. Så no er veden sikra for eit par år. Men vi må snart tenkja på å fella dei store granene i aust før dei bles ned. Og startar vi den jobben, må alle takast – eller så tar vinden dei som står att.

Skorsteinen er feia for første gang på lenge, og det med eigen pipe-feiekost. To store bøtter med sot var resultatet. Så det var på tide.

For dugnadsarbeid som står att, sjå: <http://sunnhordlendingen.no/dugnad.htm>